



Statens vegvesen

SKJÅK KOMMUNE
Moavegen 30

2690 SKJÅK

Behandlande eining:
Utbygging

Sakshandsamar/telefon:
Eva-Lena Winge / 48153885

Vår referanse:
25/294369-59

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.06.2026

Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger – kommunedelplan i Skjåk kommune – oversending av planprogram for fastsetting

Vi viser til planprogram for ny rv. 15 Strynefjellstunnel med tunnelarm til Geiranger, offentlig utlegging og høring, utsendt 10.11.2025.

Statens vegvesen varsla i november 2025 og i samråd med kommunane Stryn, Skjåk og Stranda oppstart av tre parallelle kommunedelplanprosessar:

- Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger, ny rv. 15 frå Hjelledalen i Stryn til Breiddalen i Skjåk, inkludert fv. 63 tunnelarm til Opplendskedalen i Geiranger
- Rv. 15 Strynefjellet, masselagre i Stryn kommune
- Rv. 15 Strynefjellet, masselagre i Skjåk kommune

Det vart gjennomført opne informasjonsmøte 2. desember i Geiranger, 3. desember på Bismo og 4. desember i Stryn. Frist for å sende inn innspel og merknader var sett til 15. januar 2026. Det kom inn i underkant av 70 innspel og merknader til planoppstarten og som vi har samla i eit felles dokument for alle tre kommunedelplanane.

Vedlagde følgjer revidert forslag til planprogram, datert 01.06.2026, for sluttbehandling i alle tre kommunar. Planane har følgjande planID:

- Skjåk kommune, planID 34330010
- Stryn kommune, planID 2025KP01
- Stranda kommune, planID xx

Planforslag med konsekvensutgreiing skal utarbeidast på grunnlag av fastsett planprogram.

Postadresse
Statens vegvesen
Utbygging
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Parkgata 81
2317 HAMAR

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Parallelt med planlegging av rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger har vi også revidert planprogramma for masselager i Stryn og Skjåk kommunar, sjå egne oversendingar.


Oppsummering frå høyringa

Statens vegvesen har samanfatta alle innspel og merknader i eit eige notat. Endringar i revidert forslag til planprogram som følgje av høyringa, er også samla i eit eige notat. Sjå vedlegg 1 og 2.

Planområdet

Det er ikkje gjort endringar av varsla planområde etter høyringsperioden. Det endelege planområdet vil bli nærare avklart i planprosessen og vil då bli mindre enn varsla område.

Kartskisse som viser planområdet:



KVU-estimat

I samsvar statens eigarstyringsmodell for vegprosjekt med kostnad over 1 mrd. kr. skal KVU-estimat vere fastsett før planoppstart kan varslast. I styringsmøte mellom Vegdirektoratet og utbyggingsdivisjonen 26.05.2026, vart KVU-estimat fastsett til 8085 mill. 2025-kr. Dette estimatet er basert på alternativ A4-B1 med gjennomgåande tunnelprofil T9,5. Vegdirektoratet ønskjer også at eit alternativ med strossing av eksisterande tunnelar skal utgreiast i kommunedelplanen. Vi har derfor sett inn et nytt alternativ i planprogrammet som omfattar strossing eller utviding av eksisterande tunnelar til tunnelprofil T9,5, sjå punkt 5.2.1.

Vidare planprosess

Statens vegvesen vil gjennom planprosessen leggje til rette for medverknad og informasjon gjennom møter, opne kontordagar og aktiv bruk av nettsida for

prosjektet.

Ta gjerne kontakt

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til:

Prosjektleder Rolf Arne Hamre, tlf. 909 22 459, e-post rolf.hamre@vegvesen.no eller

Planleggingsleder Eva-Lena Winge, tlf. 481 53 885, e-post: eva-lena.winge@vegvesen.no

Utbyggingsområde midt

Med helsing

Rolf Arne Hamre

Prosjektleder

Eva-Lena Winge

Planleggingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg: 2